



Fitjar kommune,  
Postboks 83,  
5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## FITJAR KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fitjar kommunestyre har i møte 11.12.2019, sak 71/2019, handsama og vedteke budsjett for 2020 og økonomiplan for 2020 - 2023. Fylkesmannen har motteke saksdokumenta til orientering.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse.*

### Budsjett 2020

Netto driftsresultat utgjorde 2,0 prosent av brutto driftsinntektene for 2019. Det budsjetterte talet for 2020 utgjør 1,5 prosent. Det tilrådde minstenivået frå TBU (Teknisk berekningsutval) er 1,75 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har vedteke bruk av lån med kr 30,5 mill. til finansiering av investeringane i 2020. Totale investeringar utgjør om lag kr 40,6 mill.

### Økonomiplan 2020 - 2023

Økonomiplanen viser negativt netto driftsresultat i 2021. For åra 2022 og 2023 er netto driftsresultat positive men på eit lågt nivå. Resultata ligg under det tilrådde nivået frå TBU.

Samla investeringar i perioden 2020-2023 utgjør om lag kr 92,4 mill., der om lag kr 72,0 mill. er planlagt finansiert med bruk av lån. Dei største investeringane er i barnehage, ny brannstasjon og innan VAR-området.

Kommunen hadde ei langsiktig lånegjeld ved utgangen av 2019 som utgjorde 82,2 prosent av driftsinntektene. Kommunen hadde ved utgangen av 2019 disposisjonsfond med om lag kr 38,7 mill., eller 12,1 prosent av driftsinntektene.



**Fylkesmannen sin kommentar**

*Vi vurderer kommunen si økonomistyring som god. Vi har ikkje prioritert å gi nærare vurderingar av kommunen sin økonomi.*

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*